



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 28.05.2015  
Vår ref.: 2015/4577  
Arkivnr.: 461.5

Suldal kommune  
Eidsvegen 7  
4230 SAND

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## **Statens Vegvesen, Region Vest - Søknad om løyve etter forureiningslova til utfylling ved Helganes i Suldalsvatnet, Suldal kommune - Anmodning om uttale til søknaden - Utlegging til offentlig ettersyn**

---

**Fylkesmannen ber om opplysningar om spesielle forhold m.v. som det bør tas hensyn til ved behandling av søknaden. Kommunens uttale sendes oss innan 8 veker. Vi ber om at saksdokumenta og eit eksemplar av kunngjeringa blir lagt ut til offentlig ettersyn i kommunen.**

---

Fylkesmannen i Rogaland har på vegne av Statens Vegvesen, Region vest, mottatt søknad frå Statnett SF, om løyve etter forureiningslova § 11, jf. § 16. Søknaden omfattar utfylling ved Helganes i Suldalsvatnet, Suldal kommune.

### **Kort orientering av omsøkt tiltak:**

Type verksemd:	utfylling i innsjø/vassdrag
Plassering:	gnr. 36, bnr. 2
Søknaden gjeld:	utfylling
Berekna volum:	ca. 42 000 m <sup>3</sup>
Berekna sjøbotnareal som blir dekkja:	ca. 2 500 m <sup>2</sup>
Mudringsstid:	august 2015 - juli 2017 (tentativt)
Planlagt avbøtande tiltak:	dobbel siltgardin

### **Bakgrunn/Søknad**

I samband med NSN-prosjektet (kabel for kraftutveksling mellom Norge og England), har Statnett SF overskotsmassar som det er ynskjeleg skal nyttast til samfunnsmessige føremål. Ved bruk av massar frå sprengning av tunnel mellom Suldalsvatnet og Hylsfjorden, skal det etablerast ein rasteplass ved Riksveg 13. Eigen reguleringsplan for utfyllinga ved Helganes blei vedteken av kommunestyret i Suldal kommune 17.03.2015.

Utfyllinga skal føregå frå land, og sjølvasteplassen skal etablerast på eit platå. Fyllinga skal gradvis avtrappast ut mot og i Suldalsvatnet, og vil ende med ei støttefylling ute i vatnet. Det er

mellom 0 - 7,5 meter djupt i utfyllingsområdet. Søker planlegger å bruke to siltgardiner for å redusere partikkelspreiing. Plastrestar, skyteledninger m.m. skal samlast opp innanfor siltgardin. Det er også planlagt å kontinuerleg overvake vatnkvaliteten utanfor siltgardina, samt ved Suldalsosen, ved bruk av turbiditetsmålar. Tiltaket er planlagt utført i perioden august 2015 – juli 2017.

### **Fylkesmannens merknader til tiltaket**

Utan særskilte tiltak kan arbeidet medføre partikkelspreiing, noko som kan påverka naturmangfaldet i tiltaks- og influensområdet, negativt. Det er i følgje søker ikkje mykje sediment i tiltaksområdet, men i anleggsperioden vil det bli vaska ut steinpartikler, støv og sprengstoffrester til vassdraget, både i samband med nedbør og snøsmelting, samt under sjølve utfyllinga i sjø. Største delen av massane skal derimot, fyllast på land, men vil likevel ha avrenning til vassdrag.

I følgje Rådgivende Biologer AS viser berekningar av konsentrasjonar av partikler og nitrogenholdige stoff at det kun er i umiddelbar nærleik til sjølve fyllinga at konsentrasjonane vil bli så høg at den kan vera skadeleg for fisk. Det vil derfor vera viktig å hindre partikkelspreiing, spesielt i periodar når det er mest sannsynleg at fisk vandrar forbi.

Suldalslågen er eit nasjonalt laksevassdrag, og den lakseførande strekninga omfattar Suldalsvatnet. I følgje søkar har ikkje det aktuelle området noko spesiell verdi for rekreasjon eller friluftsliv, men i Suldalslågen (nedanfor Suldalsosen) føregår det fiske etter laks og sjøaure. Sjå vedlagte rapport frå Rådgivende Biologer AS som omhandlar bl.a. verknadar og konsekvensar tiltaket kan ha på naturmangfaldet.

Søknaden vil bli behandla iht. «forskrift om begrensning av forurensning» (forurensningsforskriften) kapittel 36 om «behandling av tillatelser etter forurensningsloven», fastsatt av Klima- og miljødepartementet 01.06.2004.

Ilag med utfyllingssøknad ved Strandanes og mudring i Kvilldalsvika, skal søknaden også behandlast etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag, heimla i laks- og innlandsfiskeleva.

### Offentlig ettersyn

Fylkesmannen sørgjer for kunngjering av søknaden i Suldalsposten. Kunngjeringskostnadene skal dekkast av søker. Kunngjeringsteksten følgjer vedlagt.

### Utlegging til offentlig ettersyn

Søknaden blir lagt ut til offentlig ettersyn i Suldal kommune, Eidsvegen 7, 4230 Sand, og på Fylkesmannen i Rogaland si internettside [www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland) under «Miljø og klima» og «Høyringar». Uttale frå interesserte sendes Fylkesmannen innan 4 veker frå utleggingstidspunktet.

### Uttale – kommunal sluttbehandling

Frist for kommunale uttaler er satt til 8 veker frå kunngjeringsdato. Kommunen bes innan same tidsrom å innhente nødvendige uttaler frå eigne organ så langt en finn dette nødvendig. Vidare må det gis opplysningar om det omsøkte anleggsarbeidet er i samsvar med gjeldande plan- og reguleringsbestemmelsar m.v. for området.

Kommunens uttale bør gi opplysningar om lokale forhold som kommunen meiner manglar eller er utilstrekkelig beskriven i søknaden, og som det bør tas hensyn til ved avgjerda.

Det anbefalast at kommunen føretar kommunal sluttbehandling i organ som kan foreta ei heilheitsvurdering i saken. Uttaler og utskrift frå den kommunale saksbehandlinga sendes Fylkesmannen.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen  
ass. fylkesmiljøvernssjef

Marte Kjelby  
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Marte Kjelby  
Saksbehandlar telefon: 51 56 87 48  
E-post: fmromkj@fylkesmannen.no

Vedlegg:

Kunngjeringstekst

Søknadsdokumenta (2 sett)

- Søknad av 07.04.2015 med vedlegg

Kopi (utan vedlegg) til:

Statnett SF

Postboks 4904 Nydalen 0423 OSLO

Statens Vegvesen, Region vest

Askedalen 4

6863 LEIKANGER

**Statens Vegvesen, Region Vest – Søknad om løyve etter forureiningslova til utfylling ved Helganes i Suldalsvatnet, Suldal kommune – Anmodning om uttale til søknaden - Utlegging til offentlig ettersyn**

Fylkesmannen i Rogaland har på vegne av Statens Vegvesen, Region vest, mottatt søknad frå Statnett SF, om løyve etter forureiningslova § 11, jf. § 16. Søknaden omfattar utfylling i Suldalsvatnet ved Helganes, Suldal kommune.

I samband med NSN-prosjektet (kabel for kraftutveksling mellom Norge og England), har Statnett SF overskotsmassar som dei ynskjer å nytta til samfunnsmessige føremål. Ved bruk av massar frå sprengning av tunnel mellom Suldalsvatnet og Hylsfjorden, skal det etablerast ein rasteplass ved Riksveg 13. Eigen reguleringsplan for utfyllinga ved Helganes blei vedteken av kommunestyret i Suldal kommune 17.03.2015.

Søkar har planlagt å nytta to siltgardiner for å redusera partikkelspreiing. Plastrestar, skyteledningar m.m. skal samlast opp innanfor siltgardin. Det er også planlagt å kontinuerleg overvake vatnkvaliteten utanfor siltgardina, samt ved Suldalsosen, ved bruk av turbiditetsmålar. Tiltaket er planlagt utført i perioden august 2015 - juli 2017.

Utan særskilte tiltak kan arbeidet medføre partikkelspreiing, noko som kan påverka naturmangfaldet i tiltaks- og influensområdet, negativt. Det vil derfor vera viktig å hindre partikkelspreiing, spesielt i periodar når det er mest sannsynleg at fisk vandrar forbi.

Søknaden blir lagt ut til offentlig ettersyn i Suldal kommune, Eidsvegen 7, 4230 Sand, og på Fylkesmannen i Rogaland si internettside [www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland) under «Miljø og klima» og «Høyringar». Uttale frå interesserte sendes Fylkesmannen innan 4 veker frå utleggingstidspunktet.



Adresseliste

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Statens Vegvesen, Region vest - Søknad om løyve etter forureiningslova til utfylling ved Helganes i Suldalsvatnet, Suldal kommune - Anmodning om uttale til søknaden

**Fylkesmannen ber om opplysningar om spesielle forhold m.v. som det bør tas hensyn til ved behandling av søknaden etter forureiningslova til utfylling i Suldalsvatnet, Suldal kommune.**

**Uttaler sendes oss innan 4 veker.**

Fylkesmannen i Rogaland har på vegne av Statens Vegvesen, Region vest, mottatt søknad frå Statnett SF, om løyve etter forureiningslova § 11, jf. § 16. Søknaden omfattar utfylling ved Helganes i Suldalsvatnet, Suldal kommune.

### Kort orientering av omsøkt tiltak:

Type verksemd:	utfylling i innsjø/vassdrag
Plassering:	gnr. 36, bnr. 2
Søknaden gjeld:	utfylling
Berekna volum:	ca. 42 000 m <sup>3</sup>
Berekna sjøbotnareal som blir dekkja:	ca. 2 500 m <sup>2</sup>
Mudringsstid:	august 2015 - juli 2017 (tentativt)
Planlagt avbøtande tiltak:	dobbel siltgardin

### Bakgrunn/Søknad

I samband med NSN-prosjektet (kabel for kraftutveksling mellom Norge og England), har Statnett SF overskotsmassar som det er ynskjeleg skal nyttast til samfunnsmessige føremål. Ved bruk av massar frå sprengning av tunnel mellom Suldalsvatnet og Hylsfjorden, skal det etablerast ein rasteplass ved Riksveg 13. Eigen reguleringsplan for utfyllinga ved Helganes blei vedteken av kommunestyret i Suldal kommune 17.03.2015.

Utfyllinga skal føregå frå land, og sjølve rasteplassen skal etablerast på eit platå. Fyllinga skal gradvis avtrappast ut mot og i Suldalsvatnet, og vil ende med ei støttefylling ute i vatnet. Det er mellom 0 - 7,5 meter djupt i utfyllingsområdet. Søker planlegger å bruke to siltgardiner for å redusera partikkelspreiing. Plastrestar, skyteledningar m.m. skal samlast opp innanfor siltgardin. Det er også planlagt å kontinuerleg overvake vatnkvaliteten utanfor siltgardina, samt ved

Suldalsosen, ved bruk av turbiditetsmålar. Tiltaket er planlagt utført i perioden august 2015 – juli 2017.

Søknadsdokumenter, som bl.a. inkluderer kart og vidare utgreiing om tiltaket, finn de på [www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland) under «Miljø og klima» og «Høyringar».

### **Fylkesmannens merknader til tiltaket**

Utan særskilte tiltak kan arbeidet medføre partikkelspreiing, noko som kan påverka naturmangfaldet i tiltaks- og influensområdet, negativt. Det er i følgje søker ikkje mykje sediment i tiltaksområdet, men i anleggsperioden vil det bli vaska ut steinpartikler, støv og sprengstoffrester til vassdraget, både i samband med nedbør og snøsmelting, samt under sjølve utfyllinga i sjø. Største delen av massane skal derimot, fyllast på land, men vil likevel ha avrenning til vassdrag.

I følgje Rådgivende Biologer AS viser berekningar av konsentrasjonar av partikler og nitrogenholdige stoff at det kun er i umiddelbar nærleik til sjølve fyllinga at konsentrasjonane vil bli så høg at den kan vera skadeleg for fisk. Det vil derfor vera viktig å hindre partikkelspreiing, spesielt i periodar når det er mest sannsynleg at fisk vandrar forbi.

Suldalslågen er eit nasjonalt laksevassdrag, og den lakseførande strekinga omfattar Suldalsvatnet. I følgje søkar har ikkje det aktuelle området noko spesiell verdi for rekreasjon eller friluftsliv, men i Suldalslågen (nedanfor Suldalsosen) føregår det fiske etter laks og sjøaure. Sjå rapport frå Rådgivende Biologer AS som omhandlar bl.a. verknadar og konsekvensar tiltaket kan ha på naturmangfaldet.

Søknaden vil bli behandla iht. «forskrift om begrensning av forurensning» (forurensningsforskriften) kapittel 36 om «behandling av tillatelser etter forurensningsloven», fastsatt av Klima- og miljødepartementet 01.06.2004.

Ilag med utfyllingssøknad ved Strandanes og mudring i Kvilldalsvika, skal søknaden også behandlast etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag, heimla i laks- og innlandsfiskeleva.

### Utlegging til offentlig ettersyn

Søknaden blir lagt ut til offentlig ettersyn i Suldal kommune, Eidsvegen 7, 4230 Sand, og på Fylkesmannen i Rogaland si internettside [www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland) under «Miljø og klima» og «Høyringar». Uttale frå interesserte sendes Fylkesmannen innan 4 veker frå utleggingstidspunktet.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen  
ass. fylkesmiljøvernsjef

Marte Kjelby  
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Marte Kjelby  
Saksbehandlar telefon: 51 56 87 48  
E-post: [fmromkj@fylkesmannen.no](mailto:fmromkj@fylkesmannen.no)

Vedlegg:

Kommunens høyringsbrev (utan vedlegg)

Adresseliste:

Kystverket Vest	Postboks 1502	6025 ÅLESUND
Museum Stavanger AS	Muségata 16	4010 STAVANGER
Fiskeridirektoratet Region Sør	Postboks 185 Sentrum	5804 BERGEN
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001 STAVANGER

Kopi (utan vedlegg) til:

Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230 SAND
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423 OSLO
Statens Vegvesen, Region vest	Askedalen 4	6863 LEIKANGER